



ALVER KOMMUNE v/Laila Bjørge
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon
Martin Søgner, 5764 3079

Svar på spørsmål om mellombels lagring av asfalt til landbruksveg er i tråd med LNF-føremålet

Vi takkar for dykkar spørsmål angående mellombels lagring av asfalt til bruk på landbruksveg, og om dette er i tråd med LNF-føremålet.

De har vurdert kor vidt tiltaket er i tråd med LNF-formålet. Her har de vurdert at dette er ein del av behovet landbruksverksemda på bruket har. Lagring av byggematerial til godkjent landbruksveg er soleis innanfor LNF-føremålet, så lenge mengda er tilpassa behovet den konkrete landbruksvegen har.

De har vurdert om det er naudsynt med om disponering etter jordlova. I vurderinga legg dykk vekt på at arealet i denne konkrete saken er skogsmark og ikkje dyrka eller dyrkbar jord, og at ein difor ikkje treng løyve til om disponering etter jordlova.

Tiltaket er for ein avgrensa periode, og de er tydelege på at storleik og mengde skal samsvare med behovet for vegen.

De har vurdert tiltaket etter landbruksvegforskrifta. De viser til kva opning ein har etter forskrifta for å byggje velteplass/oppstillingsplass utan at det er søknadspliktig. Vi vil legge til at i § 1-3 i forskrifta gjeld forskrifta også etablering av massetak som er nødvendig i samband med bygging og vedlikehald av vegen. I dette tilfelle er det tale om mellombels lagring av massar til vegbygginga, ikkje eit massetak, så forskrifta omfattar altså meir enn sjølve vegkroppen. De får vurdere konkret om dette masselageret kjem inn under omgrepet «massetak som er nødvendig».

Mellombels. De har vurdert at mellombels lagring etter plan- og bygningslova er på maksimalt 2 år. Dersom lagring går utover dette vil lagring av masser krevje dispensasjon frå LNF-formålet.

Våre tankar summert:

Dette er ein forsvarleg handtering av arealbruken, og de har gjort gode vurderingar i saken. I slike saker er det viktig at kommunen brukar sin lokalkunnskap slik at ein veit at desse massane skal



brukast som grus/toppdekke på ein landbruksveg. De har ein bevist haldning til behovsmengda for landbruksvegen, og tenker på vilkår om tilbakeføring og frist for gjennomføring.

Med helsing

Christian Rekkedal
landbruksdirektør

Martin Søgner
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg: